

- Skattesmell hadde ramma Tverrelva-prosjektet

28.12.2007



Tverrelva-prosjektet er av dei beste i Kvinnherad, seier ekspertane. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Grunneigarane i Kjærland/Haugland har trass i alt grunn til å vera glade for at Tverrelva-prosjektet ikkje er starta i grunneigar-regi, for då hadde det vorte ramma av ein alvorleg skatte-smell. Det påpeikar Hans Reidar Kjærland i samband med at det no er innført eit nytt skatteregime for småkraftverk.

Det er no på gang eit prosjekt på den andre sida av dalen, i Børsdalen, men det skal gjennomførast i SKL-regi og difor beskattast med "berre" 28 prosent. Kjærland har som dei andre på Kjærlandsido vore tilhengjar av Tverrelva-prosjektet, men då etter samme modell som i Børsdalen der grunneigarane leigar ut fallet utan å ta nokon risiko.

Tverrelva-planen vart lege på is fordi forhandlingane mellom grunneigarane stranda.

Det nye skatteregimet har vekt sterke reaksjonar og mange prosjekt vil truleg bli lagt på is eller redusert. Den nye ordninga betyr at småkraftverk heilt ned til 1,5 megawatt skal betala grunnrenteskatt medan det før var fritak for kraftverk opp til 5 MV. Det er altså berre dei aller minste småkraftverka som går fri for beskatning. For eit typisk bonde-eigd småkraftverk på mellom to og fire megawatt vil det bli mellom 60.000 og 70.000 kroner meir i årleg skatt.

Ekstra belastande blir det for kraftverk som har bunde seg til fastprisavtalar. Fastpris har i mange tilfeller vore eit vilkår for å få banklån, men det tas ikkje i opplegget omsyn til faktisk oppnådd pris for seld straum. I staden blir dei løpande prisane i spotmarknaden til grunn. Og på den måten blir mange småkraftverk beskatta for inntekter dei faktisk ikkje har.

Skatteskjerpelsen står i kontrast til dei politiske signala som kom i 2003 då det vart lagt fram ein offensiv strategi som skulle stimulera til auka småkraftverksutbyggjing. Og då vart innslagspunktet for grunnrenteskatten heva til 5 MV. for å gje auka lønsamheit. Difor kjenner mange ihuga småkraftverksbyggjarar seg no ført bak lyset. Skatteskjerpelsen vil truleg også føra til at mange anlegg under planleggjinga vil bli tilpassa skattegrensa og bygd mindre enn potensialet.

- Regjeringa talar med to tungar når den snakkar i store bokstavar om satsing på fornybar energi og CO2reduserande klimatiltak, held leiinga i Småkraftforeninga fram.

Av Ola Matti Mathisen